



Foreldre/føresette for tenestemottakarar - Meland heimeteneste

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1153 - 16/8589

Saksbehandlar:

Kari Anne Iversen

kari.a.iversen@meland.kommune.no

Dato:

29.04.2016

Ferieturar

Frå tid til annan oppstår det diskusjon kring ferieturar for ungdom med nedsett funksjonsevne og eventuell deltaking på slike turar frå kommunen/heimetenesta sitt personale. Tilbod om ferieturar er ikkje lovpålagt eller del av den «tenestemenyen» som kommunen har plikt til å syte for. Med utgangspunkt i dei driftsrammene heimetenesta til ei kvar tid har, er det diverre slik at det ikkje er sett av budsjettmidlar til å dekke slike turar. Dette gjeld både for kostnaden med reise og opphald for den enkelte tenestemottakar og tariffbestemt løn m/tillegg for personalet frå kommunen.

Det har vore stilt spørsmål om personalet kan vere med på frivillig basis, utan ekstra omkostningar for kommunen. Dette reiser fleire problemstillingar. Det kan m.a. bli oppfatta som uklart om tiltaket er i regi av Meland kommune og om personalet deltar på vegner av Meland kommune eller ikkje. Dette spørsmålet vil vere svært viktig dersom noko uføresett skulle skje og det blir spørsmål om forsikringsdekning. Kommunen kan heller ikkje setje til sides inngått tariffavtale og la vere å betale ut løn m/tillegg for arbeid som vert utført.

Dersom foreldre/føresette skulle velje å arrangere ferietur for sin ungdom - der tilsette i Meland kommune deltar, må det difor vere heilt klarlagt at dette må skje i den tilsette sin fritid. Dei deltar i så fall under dei same føresetnader som ein ven eller eit familiemedlem ville ha gjort, og Meland kommune har inga rolle i opplegget.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Kari Anne Iversen
Personal- og organisasjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no